

---

Saksnr: 2020/69385-11  
Saksbehandlar: Åge Avedal  
Dato: 18.12.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering I

---

## Oppmoding om å gjenopprette tilskotsordning til kulturbygg med regional funksjon

Hardanger og Voss museum har sendt brev sendt brev til hovudutval for kultur, idrett der dei oppmodar om å gjenopprette tilskotsordning til fordeling av investeringsmidlar til kulturbygg med regional funksjon.

Hardanger og Voss museum skriv i brevet at Hordaland fylkeskommune hadde ein eigen budsjettpost med midlar til kulturbygg frå 2010 til 2019, herunder museum med regional funksjon. Det var mellom 5 og 17 millionar kr til fordeling i ordninga i Hordaland. Ordninga vart ikkje vidareført med midlar frå 2020.

Musea nyttar tilskotsordninga tilskot til nasjonale kulturbygg via Kulturdepartementet som finansieringskjelde ved investeringar i bygg og arenaer. Hardanger og Voss museum skriv at det er vanskeleg å fullfinansiere prosjekt, og etterlyser midlar frå fylkeskommunen som kan nyttast saman med midlar frå staten og andre.

Hardanger og Voss museum har i 2020 søkt Vestland fylkeskommune om midlar til prosjektet «Tett på» og kulturbygget «Kulturnaustet» frå ordninga tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Ingen av dei åtte søkjarane på ordninga er prioritert med midlar gjennom fylkesbudsjettet for 2021, jf. vedtak i fylkestinget 15. desember.

Hardanger og Voss museum meiner ei tilskotsordning med eigne fylkeskommunale midlar vil vere svært viktig for oppgradering og løft av museumsbygga i fylket.

### Vedlegg

1 Vestland fylkeskommune midlar til museumsbygg